



DET KONGELIGE DIGITALISERINGS-
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet
Postboks 93
4791 LILLESAND

Deres ref

Vår ref
25/3112-32

Dato
10. juli 2026

Supplerande tildelingsbrev nr. 2 for 2026 - Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til tildelingsbrev til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) for 2026. Dette supplerande tildelingsbrevet gjeld følgjande seks saker:

1. Endring av løyvingar i 2026 og delegering av bestillingsfullmakt
2. Nytt nødnett – vidare prosess
3. Lokalradio på FM
4. Styrka samhandling mellom ekom- og kraftsektoren
5. Styrka rolle på datasenterområdet
6. Anslå årleg straumforbruk til kryptovaluta

1. Endring av løyvingar i 2026 og delegering av bestillingsfullmakt

Stortinget vedtok ved handsaminga av Innst. 450 S (2025-2026), jf. Prop. 96 S (2025-2026), følgjande endringar av løyvingar i statsbudsjettet for 2026:

Kap.	Post	Endring av løyving	Ny løyving
1543	01	4 550 000	302 276 000
1543	22	100 000 000	200 000 000
1543	45	2 900 000	21 164 000
1543	70	22 100 000	423 261 000
1543	71	-10 000 000	0

Løyvingane blir med dette stilte til disposisjon for Nasjonal kommunikasjonsmyndighet.

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Einar Gerhardsens
plass 1
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Avdeling for
digitaliseringspolitikk

Saksbehandler
Eirik Hildal
22 24 81 84

Post 01: Løyvinga er auka med 2,6 mill. kroner til å auke kapasiteten i Nkom for å bidra til å gjennomføre Nasjonal sikkerheitsplan for digital infrastruktur på ein god og effektiv måte og auka med 1,95 mill. kroner for å følgje opp ansvaret etter EUs forordning om cybersikkerhet i produkt med digitale element (CRA).

Post 22: Løyvinga er auka med 100 mill. kroner for å kunne gjennomføre prosjektet i tide og få kontroll på viktige usikkerheiter før investeringsoppstart, gjennom risikoreduserande tiltak som tidleg testing, utvikling og pilotering, styrking av prosjektorganisasjonen i Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit og styrking av samarbeidet med brukarorganisasjonane.

Post 45: Løyvinga er auka med 2,9 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 1543, post 70. Midlane skal gå til utgreiing knytt til eventuell etablering av ei nasjonal teneste for distribusjon av nøyaktig tid, som tilleggsteneste og redundans til eksisterande tenester, jf. tiltak i Nasjonal sikkerheitsplan for digital infrastruktur.

Post 70: Løyvinga er auka med 25 mill. kroner til å gjennomføre tiltak for å styrke kommunikasjonen mellom Svalbard og fastlandet. Løyvinga er vidare redusert med 2,9 mill. kroner, jf. omtale under post 45 ovanfor.

Post 71: Løyvinga er redusert til 0 kroner. Ordninga kan først starte opp i 2027.

Ved handsaminga av Innst. 450 S (2025-2026), jf. Prop. 96 S (2025-2026), vedtok Stortinget følgjande bestillingsfullmakt:

«Stortinget samtykker i at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i 2026 kan gjennomføre anskaffelse og inngå avtale om nytt HF-peileanlegg på Skjæveland for inntil 33 mill. kroner på kap. 1543 Nasjonal kommunikasjonsmyndighet, post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold. Fullmakten gjelder også forpliktelser som inngås i senere budsjettår.»

DFD delegerer denne fullmakta til Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit.

2. Nytt nødnett – vidare prosess

DFD viser til tildelingsbrevet til Nkom for 2026, der det framgår at nødnettarbeidet saman med sikkerheitsplanen skal ha høgste prioritet i Nkom i 2026. I tildelingsbrevet blei Nkom bedt om å arbeide vidare med prosjektet Nytt nødnett i samsvar med oppdragsbrev frå departementet frå september 2025 og ev. supplerande oppdrag.

2.1 Oppfølging av løyving i RNB 2026

Det nye nødnettet skal vere klart til migrering ved utgangen av 2029 og alle brukarar skal vere migrert frå dagens nødnett innan utgangen av 2031, noko som gir ein svært stram tidsplan. Forseinkingar vil ha svært høg kostnad, og for å kunne gjennomføre prosjektet i tide og få kontroll på viktige usikkerheiter før investeringsavgjerd er det behov for risikoreduserande tiltak.

Med bakgrunn i dette ber DFD Nkom om å sikre at prosjektet i perioden fram mot investeringsavgjerd gjennomfører nødvendig testing, utvikling og pilotering, samt styrkar kapasitet, kompetanse og brukarinvolvering i prosjektorganisasjonen.

2.2 Oppfølging av supplerande analyse av kontraktstrategi mv. i nytt nødnett

DFD viser til brev om føringar for vidare arbeid med nytt nødnett frå 13. mars 2026.

Som del av arbeidet med forprosjektet, er det gjennomført ein supplerande analyse av kontraktstrategi, forprosjektets underlagsmateriale og prosjektets system og kompetanse for planlegging, styring og oppfølging.

DFD ber Nkom om systematisk å kvittere ut ekstern kvalitetssikrar sine anbefalingar. I praksis inneber dette å sette opp ei oversikt over alle anbefalingar og korleis desse blir følgde opp i det vidare arbeidet. Oversikta skal leggst fram for prosjektrådet og oppdaterast fortløpande. DFD vil særleg framheve behovet for å styrke sentrale roller i prosjektorganisasjonen med seniorkompetanse og tung erfaring frå relevante prosjekt.

DFD forstår at prosjektsikringsfunksjon, jf. brev om føringar for vidare arbeid med nytt nødnett frå 13. mars, no er i ferd med å komme på plass. DFD ønsker nærmare dialog om mandat for prosjektsikringsfunksjonen.

2.3 Avklaring av saker av prinsipiell karakter

Jf. brev om føringar for vidare arbeid med nytt nødnett frå 13. mars 2026, skal alle vesentlege endringar avklarast med departementet før dei blir innarbeidde. I «vesentleg» legg departementet endringar som kan påverke risiko, konseptval eller resultatmål (kostnad, tid, kvalitet). Nkom skal varsle departementet tidleg ved forhold som kan utløyse slike endringar, og legge fram anbefalt handtering med konsekvensvurdering. DFD er ansvarleg for å koordinere med berørte departement før avgjerder blir fatta.

DFD ønsker å tydeleggjere prosess for saker i forprosjektet som krev avklaring på tvers av sektorar, etter at det er behandla i styringsgruppa og løfta til prosjektrådet. Nkom kan legge til grunn følgande prosess:

1. Saken blir lagt fram for prosjektrådet
2. Nkom oversender aktuell sak til DFD for avgjerd i etterkant av prosjektrådet
3. DFD fattar avgjerd og informerer rådsmedlemmane om avgjerda
4. Avgjerda blir tatt inn i prosjektet sin avgjerdslogg
5. Nkom informerer i prosjektet om avgjerda

DFD legg til grunn at Nkom som del av forprosjektet, greier ut og anbefaler eit forslag til programmet si organisering og styring. DFD viser elles til konklusjon i prosjektrådet 10. mars 2026 om at Nkom skal utarbeide eit forslag til regime for endringshandtering.

Kontaktpersonar i DFD: Terje Johnsen og Karl Iver Slartmann.

3. Lokalradio på FM

DFD viser til tildelingsbrevet til Nkom for 2026, der det går fram at Nkom skal gjennomføre prosess for tildeling av løyve for radiokringkasting på FM.

DFD ber om at Nkom, i samråd med Medietilsynet, undersøker om det er reell konkurranse i marknaden for frekvensløyve og anleggskonsesjonar til lokalradiokringkasting på dei same vilkåra som gjeld i inneverande konsesjonsperiode, medrekna dei særskilde vilkåra om kommersiell drift i sløkkeområda. Det skal på hensiktsmessig vis fastslåast at interessa for lokalradiodrift er reell. For sendarnett der det ikkje blir avdekt reell konkurranse, blir løyva forlenga, om nødvendig også mellombels. Der det ev. finst reell konkurranse om rettighetene, blir eksisterande løyve mellombels forlenga fram til ein eigna og om mogeleg forenkla utlysningrunde for sendarrettar for lokalradio på FM kan ferdigstillast.

Kontaktperson i DFD: Jarl Kristen Fjerdingby.

4. Styrka samhandling mellom ekom- og kraftsektoren

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) og Energidepartementet (ED) viser til tildelingsbrev til Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom) og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) for 2026.

I tildelingsbrev får Nkom og NVE eit felles oppdrag om å gjennomføre tiltak som effektivt bidrar til å styrke samhandlinga mellom ekom- og kraftsektorane ved utfallshendingar, med særleg fokus på informasjonsdeling som bidrar til raskare gjenoppretting. Formålet er auka beredskap og krisehandteringsevne.

Dette oppdragsbrevet spesifiserer nærmare kva for tiltak etatane blir bedne om å gjennomføre. Nkom og NVE skal

- bidra til at relevant informasjon, inkl. kontaktinformasjon, blir delt mellom aktørane i sektorane for å sikre tilstrekkeleg og direkte dialog ved handtering av utfall.
- bidra til vidareføring og vidareutvikling av standardiserte statusvarslingar ved straumbrot iht. fastsette kriterium mellom nettselskap og ekomtilbydarar.
- vurdere korleis utfallsdata kan delast innanfor dagens regelverk og sørge for at slik deling skjer der det er mogleg. NVE og Nkom blir bedne om å komme tilbake til DFD og ED raskt dersom dette ikkje er mogleg innanfor dagens regelverk, med eit forslag til korleis ev. utfordringar kan løysast.
- vidareføre og utvikle relevante samhandlingsarenaar for ekom-kraft og samtidig sørge for at eksisterande fora og strukturar blir styrkte.

I tillegg blir Nkom og NVE bedne om å vurdere om det finst ytterlegare tiltak som bør gjennomførast for å bidra til å styrke samhandlinga mellom sektorane, og rapportere tilbake til departementa om eventuelle tiltak.

Kontaktperson i DFD: Haakon Kristian Hagen.

5. Styrka rolle på datasenterområdet

DFD viser til tildelingsbrev til Nkom for 2026 og til Nkom si rolle innanfor datasenterområdet iht. ekomloven og sikkerhetsloven. Det er ønskeleg at Nkom utvidar innsatsen sin på datasenterområdet til også å bidra til å vidareutvikle rammevilkåra for datasenternæringa framover på ein ansvarleg og samfunnsgagnleg måte. DFD ønsker også at Nkom skal vere ein leiande kunnskapsleverandør i spørsmål knytt til datasenterområdet, og ber om vidare dialog med Nkom om dette.

Vi ber om eit eige møte om saken i august eller tidleg september, og om at dette blir sett opp som tema til neste etatsstyringsmøte.

Kontaktpersoner i DFD: Randi Hovde og Tu An Ngo.

6. Anslå årleg straumforbruk til kryptovaluta

DFD viser til tildelingsbrevet til Nkom for 2026, der oppfølging av datasenterstrategien har høgste prioritet under delmål 4.

DFD ber Nkom om å, med bistand frå NVE, anslå årleg straumforbruk til utvinning av kryptovaluta p.t. Anslaget skal basere seg på dei kjelder NVE og Nkom har, og det skal gjerast greie for usikkerheit rundt anslaget i den grad det er relevant.

Frist for oppdraget: 10. september.

Kontaktperson i DFD: Ann Ingeborg Hjetland.

Med helsing,

Siri Halvorsen (e.f.)
ekspedisjonssjef

Timothy Szlachetko
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Kopi

Riksrevisjonen
Samferdselsdepartementet